

# Nyt Radøy!

Kulturdagane 2012  
13. - 24. april



Nyt Radøy! er ei brei mønstring av kulturarrangement.

Følg oss på  
[www.facebook.com/nytradoy](http://www.facebook.com/nytradoy)



**RADØY**  
den grønne øya

## Nyt Radøy!

Hjarteleg velkomne til kultur dagar endå ein gong! Menneska treng å koma saman, det er rein trivsel og folkehelse i det.

Ordet kultur kjem av latinsk cultivare, som tyder å dyrka. Lat oss koma saman og dyrka fellesskapet og nytta opplevingane.

Det er verkeleg god grunn til å gleda seg til Kulturdagane 2012, og eg håpar me viser vår takksemd til arrangørane gjennom stor oppslutnad på arrangementa.

Eg vil gjerne få takka alle som yter den store innsatsen som ligg i kvart einaste kultur dagsarrangement,- tusen takk,- de inspirerer oss alle!

No skal me nytta Kulturdagane 2012!

Jon Askeland  
Ordførar



### Nyt Radøy! på nett



Nyt Radøy har fått eiga facebookside. Her vil me leggja ut informasjon om alle arrangementa, bilete, lenker til avisomtalar m.m. Følg og lik Nyt Radøy! på [www.facebook.com/nytradoy](http://www.facebook.com/nytradoy)

Informasjon om Nyt Radøy vil òg verta lagt ut på [www.radoy.kommune.no/kulturdagar](http://www.radoy.kommune.no/kulturdagar). Følg òg med på nyhenda på [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no).

### Bingo for eldre, dagavdelinga på Velferdssenteret, kl. 10.20-11.30

Deltakarar frå ungdomsrådet arrangerer bingo for dei eldre på dagavdelinga.

### Fisketur, Manger kai, kl. 19.00

Keipane kystlag inviterer til fisketur frå Manger kai. Fredag 13. april vert det sett ut liner og garn, som vert tatt opp laurdags morgon kl. 09.00. Det er mogleg å vera med både fredag og laurdag, eller berre ein av dagane. Still gjerne med eigen båt. Dersom du ikkje har tilgang på eigen båt, må du melda deg til kultur- og sørvistorget på tlf. 56 34 90 00 eller på e-post til [post@radoy.kommune.no](mailto:post@radoy.kommune.no) innan 11. april. Hugsredningsvest.

## Fredag 13. april

### Opning av utstilling, Gamle prestegarden på Manger, kl. 16.00-19.00

Broderinemnda i Nordhordland husflidslag har samla inn gamle broderi og broderimønster. Dei fleste mønstra er frå perioden 1940-1970, og mange er frå Nordhordland. Tema for denne utstillinga er puter. Det vert vist fram mange forskjellige typar puter, mellom anna bilputer.



I same lokale stiller Idar Grindheim ymse sviarbeid og gamle arbeidsteikningar.

Utstillinga vert opna kl. 16.00 av ordførar Jon Askeland.

### Bakekurs på Radøystova fredag kl. 18-21 og laurdag kl. 10-17

Arve Gjellesvik inviterer til bakekurs der ein lærer å baka på gamlemåten med bl. anna surdeig. Gjellesvik har hatt eit opphald hjå ein av Noregs



beste bakarar, Morten Schakenda på Bakeriet på Lom. Fredag er det teori om råvarer, opplæring i baketeknikkar og ein byrjar på deigen. Etterpå lagar ein pizza som ein kan eta så mykje ein ynskjer av. Laurdag gjer ein ferdig deigane, og steiker brød, rundstykke og bollar. Det vert servert lunsj, som ein lagar i fellesskap. Pris 1230 kroner. Dette inkluderer kurs, kurshefte, bakevarer til ein verdi av 250 kroner og mat. Pris for berre dag 2, er 950 kroner. Påmelding innan 11. april. For meir informasjon og påmelding, kontakt Arve Gjellesvik på tlf. 909 33 703, eller på e-post til [arvegj@start.no](mailto:arvegj@start.no).

### Open InPuls, Manger bedehus, kl. 19.00

Ungdomsklubben InPuls ynskjer ungdommar frå ungdomsskulen og oppover velkomen innom. Her driv me med bordtennis, biljard, fellesleikar og quiz. Mat og andakt er også fast. Temaet denne dagen er «min identitet». Fri entré.

# Laurdag 14. april



## Offisiell opning av kulturdagane i Radøy Manger kai kl 12.00

### Brødbakekurs, Radøystova, kl. 10.00-17.00

Sjå fredag omtale av arrangement fredag 13. april.

### Broderiutstilling, gamle prestegarden, kl. 11.00-17.00

Sjå omtale av arrangementet fredag 13. april.

### Fisketur, Manger kai, 09.00-11.00

Keipane kystlag inviterer på fisketur frå Manger kai. Fredag kveld vart det sett ut liner og garn, og desse vert tatt opp på denne turen. Fisken vert frakta til land på kaien, der den vert sløgd. Still gjerne med eigen båt. Dersom du ikkje har tilgang på eigen båt, må de melda dykk til kultur- og sørvistorget på tlf. 56 34 90 00 eller på e-post til [post@radoy.kommune.no](mailto:post@radoy.kommune.no) innan 11. april. Hugs redningsvest.

### Galleri og salsutstilling, Manger bedehus, kl. 11.00-18.00

Dei som stiller ut er Bjarne Skjold, Elna Tvedt Bauge og Ingeborg Haugland. Bjarne Skjold er naturalistisk kunstnar og malar motiv frå naturen. Elna Tvedt Bauge malar både naturalistisk og delvis abstrakt, akryl og oljemaling. Ingeborg Haugland malar akryl og oljemaling.

Temaet for opninga av kulturdagane i Radøy 2012 er kystkultur. Her får du underhaldning, god mat, historie og mange aktivitetar for store og små.

#### 12.00: Offisiell opning

- Offisiell opning ved ordførar Jon Askeland
- Spektakulær innsegling med musikk frå både sjø og land. Manger old star brass, Radøy brass og Manger folkehøgskule spelar.
- Inge Bø fortel om historia til Mangersvågen.
- Presentasjon av aktivitetane.

#### 12.30: Aktivitetar:

**Fisketorg:** Høve til å kjøpa og smaka på delikatesser frå havet.

**Historisk vandring:** Mangersvågen har ein spanande historie og eit godt bevart naustmiljø. Radøy sogelag fortel.

**Omvising i smia til Borgny Hagen:** Smia på Mangersplassen er restaurert, og er denne dagen open for dei som vil koma å sjå.

**Skattejakt for dei minste:** Marås 4H lagar ei spanande skattejakt for dei minste.

**Utstillingar:** Keipane kystlag har sett saman ei utstilling av fiskereiskapar, båtar og anna utstyr knytt til kystfisket. Har du smakt sjøsneglar, tangchips eller kråke-bollar? Her får du sjansen!

**Ta roknappen:** Rognappen er ein prøve som består av seks enkle ro-øvingar. Prøven er open for alle, men målgruppa er først og fremst born frå åtte år og oppover.

**Barkebåtlaging og -løp:** Ungane får hjelp til å laga seg ein barkebåt, og dei som ynskjer kan vera med å konkurrera om kven som har den raskaste barkebåten.

**Matsservering:** Sal av fiskesuppe, lappar og drikke. Fiskesuppa er laga av fisk som er fiska i Mangersfjorden same dag.



# Sundag 15. april

## Broderiutstilling, gamle prestegarden, kl. 12.00-18.00

Broderinemnda i Nordhordland husflidslag har samla inn gamle broderi og broderimønster. Dei fleste mønstra er frå perioden 1940-1970, og mange er frå Nordhordland. Tema for denne utstillinga er puter. Det vert vist fram mange forskjellige typar puter, mellom anna bilputer.

I same lokalet stiller Idar Grindheim ut ymse svarbeid og gamle arbeidsteikningar.

## Storsamling, Manger bedehus, kl. 16.00

Familiesamling for heile familien, med song, quiz, andakt, sosialt samvær og god mat. Alle er velkomne.

## Velkomen til gards, Radøy ridesenter, kl. 12.00-14.00



Open dag for heile familien på Radøy Ridesenter på Solend Søndre. Det vert høve til å ri, og møta hestar, hundar, sauer og kaninar. Rideoppvisning kl. 13. Gratis inngang.

Ponniriding: 20 kr pr runde.

Sal av vaflar, kaffi og saft. Konkurrans i hesteskokast. Arr: Radøy Ridesenter og Radøy Hestesportklubb.

## Ope på Nordanger gardsmuseum, kl. 12.00-17.00

Den gamle skulen på Nordanger var i bruk som skule fram til 1912. Den er no innreidd som museum med samlingar av ulike gamle gjenstandar frå skular og bygdelivet. Denne dagen er det høve til å koma å sjå skulehuset og samlingane. Pris: vaksne kr. 20, born gratis.

## Undervannshockey, Radøyhallen, kl. 18.00-20.00



Undervannshockey for ungdomsskuleelevar. Me stiller med maske, snorkel, symjeføter, hetter med øyrebeskyttarar, puck og køller. Pris kr. 100,- per person. Påmelding til [bm@godjord.no](mailto:bm@godjord.no) innan 8. april.

## Kunnskapstevling, Radøystova, kl. 18.00

Ta med deg naboar, slekt og vener og ver med på ei uhøgtidleg kunnskapstevling. Inntil fem deltakarar pr. lag. Påmeldingsavgift kr. 100,- pr. person. Dette inkluderer enkel servering. Påmelding til [gorepaal@hotmail.com](mailto:gorepaal@hotmail.com) el. tlf 90 86 29 45 innan 12. april. Det er plass til berre fem lag, så ver snar å melda dykk på! Arr.: Radøy mållag.

## Offisiell opning av kjærleiksbenken, prestegardshagen, kl. 15.00

Våren er tid for svermeri! Kva er vel betre enn å kjenna for-elskinga brusa? Under Nyt Radøy, vil me slå eit slag for det gode livet, som startar med eit svermeri!

Kjært barn har mange namn. I gamle dagar var det ein del strategisk plasserte benkar for frieri og sverming, som vart kalla «ja-benk». Fleire av desse finst framleis. Me vil fornya denne tradisjonen, og under kulturdagane vert det plassert ut ein ja-benk, svermebenk, friarbenk, kjærleiksbenk i prestegardshagen vestom gamle prestegarden på Manger. Benken vert lett å finna, og me håpar den vert flittig brukt til frieri, eller til å stadfesta kjærleik og venskap, eller rett og slett setja seg ned og reflektera over livet. Benken er open for alle!

15. april kl. 1500 vert det offisiell opning av kjærleiksbenken i gamle prestegarden. Møt fram, så får du vita meir!

# Måndag 16. april

## Broderiutstilling, gamle prestegarden, kl. 11.00-19.00

Broderinemnda i Nordhordland husflidslag har samla inn gamle broderi og broderimønster. Dei fleste mønstra er frå perioden 1940-1970, og mange er frå Nordhordland. Tema for denne utstillinga er puter. Det vert vist fram mange forskjellige typar puter, mellom anna bilputer. I same lokalet stiller Idar Grindheim ut ymse svarbeid og gamle arbeidsteikningar.

## Fotokurs, Radøy ungdomsskule, kl. 18.00-21.00



Nordhordland fotoklubb inviterer til fotokurs for deg som ynskjer å læra å ta betre bilete. Dette er eit kurs som går over to kveldar, måndag 16. og torsdag 19. april kl. 18.00-21.00. På kurset får du tips og råd om fotografering, og du får læra om biletkomposisjon, «reglar» for fotografering, om dei viktigaste innstillingane på kameraet, og du får tilbakemelding på bilete du har teke. Du må disponera eit digitalt kamera for å delta på kurset, men det treng ikkje vera eit spegelreflekskamera. Pris: 300 kroner. Påmelding til Egil Olsvold på e-post eg-olsvo@online.no eller tlf 908 81 962 innan 12. april.

## Galleri og salsutstilling, Manger bedehus, kl. 13.00-18.00

Dei som stiller ute er Bjarne Skjold, Elna Tvedt Bauge og Ingeborg Haugland. Bjarne Skjold er naturalistisk kunstnar og malar motiv frå naturen. Elna Tvedt Bauge malar både naturalistisk og delvis abstrakt, akryl og oljemaling. Ingeborg Haugland malar akryl og oljemaling.

## Utstilling Bø barnehage (gamle kommunehuset), kl. 17.00-19.00

Utstilling av teikningar som borna i barnehagen har laga. Sal av kaker, kaffi og saft. Evt. overskot vil gå til innkjøp av bålpanne til barnehagen.

## Historisk vandring rundt søre del av Hallandsvatnet, kl. 18.00



Oppmøte ved hangaren ved Hallandsvatnet. Me går gjennom flott kulturlandskap på austsida av Hallandsvatnet og passerer mellom anna grunnane etter husmannsplassen i Markestølen på Sævdal og steinnaustet i Stillevika på Kolås. Me grillar på Kolåseidet, ved søre enden av vatnet. Dei som ikkje ynskjer å gå heile vegen, kan møta oss her. Me vil sør-gja for at dei som kjem her får skyss attende. Vegen attende går på vestsida av vatnet, langs den gamle bygdevegen over Radøy. Arnfinn Halland er vegvisar på turen. Pris kr 100,- inkl grillmat og kaffi. Arr.: Radøy sogelag.

## Steinalderdag i Fosenstraumen, kl. 12.00-13.10

4. klasse på Austebygd skule har temadag om steinalderen i Fosenstraumen. Arkeolog og flintsmed Morten Kutchera har laga eit opplegg der elevane får læra om livet i steinalderen i Noreg generelt og på Straume spesielt. Steinalderfolka på Straume laga mellom anna bruksgjenstandar av keramikk og reiskapar av flint, og dei fanga fisk som dei steikte i groper i jorda. Dette er noko elevane får læra meir om denne dagen.

Interesserte er velkomne til å koma sjå kva elevane driv med frå kl. 12.00 til skuledagen er slutt 13.10.

## Spelkveld med teater og dyriske innslag, Radøy bibliotek, kl. 16.00-20.00

Kl 16.00-17.00 vert det dyrekonsert ved elevar frå Radøy musikk- og kulturskule og teaterstykkje ved ungdommens teatergruppe.

Kl 17.00-20.00 kan ein leika seg med dataspel, brettspel, quiz og anna!

Quiz for dei minste kl. 18.00 og for alle kl. 19.00.

Sal av vaflar, lappar og drikke.

Arr.: Radøy bibliotek, teatergruppa og ungdomsrådet.

## *Tysdag 17. april*

### **Pensjonisttreff, Gamle prestegarden, kl. 10.30-12.30**

Frivilligsentralen inviterer til pensjonisttreff med sosialt fellesskap, bingo og kaffi med noko attåt. Denne dagen kjem broderinemnda i husflidslaget og presenterer utstillinga av puter som er i lokalet, og Idar Grindheim presenterer utstillinga av sviarbeid og arbeidsteikningar.

### **Galleri og salsutstilling, Manger bedehus, kl. 13.00-18.00**

Dei stiller ut er Bjarne Skjold, Elna Tvedt Bauge og Ingeborg Haugland. Bjarne Skjold er naturalistisk kunstnar og malar motiv frå naturen. Elna Tvedt Bauge malar både naturalistisk og delvis abstrakt, akryl og oljemaling. Ingeborg Haugland malar akryl og oljemaling.

### **Unge solistar i Radøy, Manger kyrkje, kl. 19.00**

Klassisk konsert med unge talent i Radøy, der blant anna talentklassen i kulturskulen deltek.

Gratis inngang, kollekt ved utgang til dekking av utgifter.



### **Steinalderdag i Fosenstraumen, kl. 11.45-12.45**

4. klasse på Hordabø skule har temadag om steinalderen i Fosenstraumen. Arkeolog og flintsmed Morten Kutchera har laga eit opplegg der elevane får læra om livet i steinalderen i Noreg generelt og på Straume spesielt. Steinalderfolka på Straume laga mellom anna bruksgjenstandar av keramikk og reiskapar av flint, og dei fanga fisk som dei steikte i groper i jorda. Dette er noko elevane får læra meir om denne dagen.

Interesserte er velkomne til å koma sjå kva elevane driv med frå kl. 11.45 til skuledagen er slutt 12.45.



### **Utstilling Bø barnehage (gamle kommunehuset), kl. 17.00-19.00**

Utstilling av teikningar som borna i barnehagen har laga. Sal av kaker, kaffi og saft. Evt. overskot vil gå til innkjøp av bålpanne til barnehagen.

## *Onsdag 18. april*

### **Teaterforestilling for småskulen, Radøy bibliotek (lukka arrangement)**

Framsyning av skodespelet «H. C. Andersens fødselsdag». Adele Duus frå «Lys levende Adele» i Bergen har laga og framfører forestillinga. 1.-4. klasse frå to av grunnskulane i kommunen er inviterte. Arr.: Radøy bibliotek.



### **Galleri og salsutstilling, Manger bedehus, kl. 13.00-18.00**

Sjå omtale ovanfor.

### **Tur på Steinalderstien i Fosenstraumen, kl. 18.00**

Nordhordland turlag inviterer til tur på steinalderstien på Straume. Turleiar er Olav Nordanger (tlf 56374041). Oppmøte på sørsida av brua. Gratis for medlemmer, kr. 50 for ikkje-medlemmer.

# Onsdag 18. april

## Barnefilmfestival, kinosalen Manger, 10.00-14.00

Den anerkjende filmskaparane Øyvind Sandberg presenterer barnefilmar som han og foreldra har laga (sjå omtale av filmskaparane i eigen tekstboks).

Tidene nedanfor er omtrentlege:

### 10.15: To gutter med flaks

To gutar driv med duer og ein dag Øyvind skal av gårde på "dueslepp" skjer det noko dramatisk. Filmen er tatt opp i Nordhordland tidleg på 1960-talet med Øyvind Sandberg og broren Sverre som skodespelarar.

### 10.40: Båten i bekken

Ein gut på kring 6 år leikar med ein båt i ein bekk. Magiske ting skjer...

### 11.05: Kom og lek (1993)

Dokumentarfilm om barneleikar. Me vert guida gjennom ei rekkje klassiske utandørs barneleikar. Filmen kan kanskje inspirera nokon til å koma seg ut å leika slik som dei gjorde i gamledagar.

### 11.30: Bare en kvist (1985)

Ein kvist kan brukast til så mangt

### 11.40: Rått egg og sardinolje (1997)

Alle veit at ei tann vert til pengar når me legg den i vatn over natta, men kven er det som har sagt at vatn er best?

### 12.00: pause

### 12.30: Gråpus som forsvant

Sverre er slem med lillebroren sin, og då katten Gråpus ser det, rømmer den. Vil pusekatten kome attende? Dramatiske ting skjer når gutane leitar etter katten. Filmen er tatt opp i Nordhordland i 1955, og Øyvind Sandberg og broren Sverre er skodespelarar. Dei var då 2 og 4 år gamle.

### 13.00: To gutter med flaks

Sjå omtale ovanfor.

### 13.25: Båten i bekken

Sjå omtale ovanfor.

### 13.45: Bare en kvist

Sjå omtale ovanfor.

### 13.55: Rått egg og sardinolje

Sjå omtale ovanfor.

Inngang: vaksne kr. 50,-, born gratis.



## Filmskapar i magen?, kinosalen på Manger, kl. 15.00-16.00

Er du interessert i å vita korleis ein film vert til? Ynskjer du å få tips og idéar til korleis du bør gå fram?

Den prisløna filmskaparen Øyvind Sandberg viser prosessen frå idé, via manuskript til ferdig film.

**Øyvind Sandberg** (f. 1953) er utdanna på Distriktshøgskulen i Vol- da (journalistikk) og Universitetet i Bergen (litteratur). Han har jobba som frilansjournalist og hadde ansvar for medialinja ved Fana folkehøgskule 1983-1988. Øyvind Sandberg driv i dag Øy-Film. Han har hatt manus, regi og foto for ei rekkje prisløna kort- og dokumentarfilmar sidan 1976, blant anna kinodokumentarane «Å seile sin egen sjø» (2002) og «Kabal i hjerter» (2006). I 2011 vann den siste filmen Øyvind Sandberg har laga, «Folk ved fjorden», prisen for årets dokumentarfilm ved Bergen Internasjonale filmfestival (BIFF).

**Liv og Haakon Sandberg** (1924) er nestorar i Norsk Film. Haakon Sandberg laga frå 1960 til 1992 elleve årskavalkadar frå Bergen. Han filma små og store hendingar som fann stad og fletta inn historiske filmopptak frå Bergen. Liv Sandberg er kjend for ei rekkje barne- filmar, blant anna «Gråpus som forsvant», «To gutter med Flaks» og «Båten i bekken». Ho hadde òg regien og ideen til fjernsyns- siane «To hus tett i tett», som vart vist i heile Skandinavia.

## Kurs i potetlefebaking, Sæbø skule, kl. 18.00-21.00

På kurset vil du få læra å baka potetlefer, med gode, lokale oppskrifter. Det vert servert kaffi og sjølvbaka lefer. Alt du lagar får du med deg heim. Pris: 500 kroner. Bindande påmelding innan 11. april til tlf. 97 42 32 67. NB: avgrensa tal på plassar. Arr.: Keipane kystlag.

## Paintballturnering, Soltveit, kl. 17.00-20.00

Ungdomskoordinatorane på Radøy og Austrheim arrangerer paintballturnering. Kr 150 for 500 kuler. Aldersgrense 8. klasse-2VGS.

Påmelding til Katarina Birkeland på tlf 90696931 innan fredag 13. april.

## Onsdag 18. april

### Temakveld og utstillingsopning: Migrantar med fjør, Radøystova og Vestnorsk utvandringssenter, kl. 18.00

Føredrag ved biolog Nils Røv (NINA) på Radøystova kl. 18.00.

Opning av salsutstillinga Fugleåret: «Folketro og fakta», tresnitt av Amy Lightfoot, i emigrantlandsbyen ca. 19.30. Forfriskingar! Det blir høve til å kjøpe utstillingsboka. NB: Berre kontant betaling. Arr.: Vestnorsk utvandringssenter.



### Amy Lightfoot

er fødd i Hartford, Connecticut, U.S.A. i 1954. Ho er utdanna innan fagfelta antropologi og biologi ved University of Pennsylvania i Philadelphia. I 1980 flytta ho til Noreg, og har seinare busett seg på Hitra. Ho vart utnemnd til statsstipendiat i 2005. Amy Lightfoot er medlem av Norsk Faglitterær forfatter- og oversetterforening, som både forfattar og oversetter.

### Familietur til Skageneset, kl. 17.00

Barnas turlag Nordhordland inviterer til familietur til Skageneset. Turen går gjennom lett terreng frå Manger til Skageneset. Oppmøte og parkering ved rådhuset på Manger (kl. 17.00).

Skageneset vart nytta til å gøyma flyktningar som skulle vidare over Nordsjøen under andre verdskrig. Me får høyra denne spanande historia fortald av Sølvi Kvalheim Mjøs (ca. kl. 18.00). Historia vert tilpassa born. Barnas turlag stiller med bålpanne. Ta med grillmat og drikke.

Kontaktpersonar: Elisabeth tlf. 94150985 og Cecilie tlf. 92218871.



Lightfoot har i ei årrekke arbeidd med ulike prosjekt der ho dokumenterer og formidlar tradisjonar på kysten i det nordatlantiske området. Denne utstillinga fortel om kva fuglane hadde å seia for kvardagslivet til folk før i tida. Eigne observasjonar, folketro og fakta om biologien til utvalde fuglar dannar grunnlaget for kvart bilete.

## Torsdag 19. april

### Galleri og salsutstilling, Manger bedehus, kl. 13.00-18.00

Sjå omtale tysdag 17. april

### Filmkveld, Kinosalen på Rådhuset, kl. 16.30-21.00

Kl. 16.30-18.00: Film for alle.

Kl. 18.00-19.00 Filmar som viser ulike kulturtilbod i Radøy. For alle.

Kl 19.00-21.00 Film frå 8. klasse og oppover.

Filmprogrammet vert presentert på kommunen si nettside. Gratis inngang.

Arr: Ungdomskoordinatoren i Radøy

### Steinalderdag i Fosenstraumen, kl. 12.45-13.45

4. klasse på Manger skule har temadag om steinalderen i Fosenstraumen. Arkeolog og flintsmed Morten Kutchera har laga eit opplegg der elevane får læra om livet i steinalderen i Noreg generelt og på Straume spesielt. Steinalderfolka på Straume laga mellom anna bruks-gjenstandar av keramikk og reiskapar av flint, og dei fanga fisk som dei steikte i groper i jorda. Dette er noko elevane får læra meir om denne dagen.

Interesserte er velkomne til å koma sjå kva elevane driv med frå kl. 12.45 til skuledagen er slutt 13.45.



# Torsdag 19. april

## Kurs i langbogeskyting, Midgard på Øvre Manger, kl.17.00-19.00

Nordhordland Langbogelag arrangerer kurs i bogeskyting med tradisjonelle lang- og recurvebogar på garden til Børje Møster på Øvre Manger. Her får ein ei innføring i kunsten med instinktiv skyteteknikk, på ulike mål og ulike avstandar. Det vert anledning til å kjøpa boge og pilar etter kurset. Aldersgrense 13 år. Pris kr.200,- per person. Dette inkluderer medlemskap i Nordhordland Langbogelag. Påmelding til [bm@godjord.no](mailto:bm@godjord.no) innan 9. april..



## Open smie, Kvalheim, kl. 18.00 - 21.00

Gamle smiers venner skipar til Open smie på Kvalheim. Smia er ein del av kulturtunet som Karstein Vågenes er i ferd med å bygga opp på Kvalheim. Smia er ny, men er full av gammalt smedutstyr som er samla frå ulike stader. Dyktige smedar er til stades og demonstrerer. Dersom du har eit spett du vil spissa på og herda, ein meisel eller anna, kan du ta det med.

## Folkemøte om CittaSlow, Smiths møte- og selskapslokale, kl 19.30

Me har invitert økonomisjef Nils Jakobsen frå Sokndal kommune og Eli Laupstad Omdal, som er drivkrafta bak kulturhotellet i Sokndal, til å formidle korleis Sokndal og kulturhotellet har brukt Cittaslow for å skape merksemd, og fremja kultur og næringsliv i kommunen. Kulturhotellet har senger fordelt på 8 restaurerte hus, og restauranten er ranka som ein av dei 50 beste i Norden! Kan det å kalla seg for ein Cittaslow-kommune vera noko for Radøy? Kva vil det bety for Radøy?

Vil du vita meir? Kom på folkemøtet 19. april!

Der vil du også få smakebitar av tradisjonskost, som Geir Smith diskar opp med.



# Fredag 20. april

## Kurs i grindverksbygging, Midgard på Øvre Manger, kl. 09.00-16.00

Firedagars kurs i grindverksbygging, der me byggjer ei grindverksløe på 6 x 8 meter. Dei andre kursdagane er laurdag 21. april 09.00-16.00, fredag 27. april 09.00-16.00 og laurdag 28. april 09.00-16.00. Kurshaldar er Rune Revheim. Deltakarane må ha eige verkty. Pris: kr.1500,- per pers. Påmelding til [bm@godjord.no](mailto:bm@godjord.no) innan 13. april.

## Postlevering på gamlemåten

Moromannen Gunnar Låstad leverer post på «gamlemåten». Ein del abonnentar på sæbøruta vil denne dagen få ei postlevering utanom det vanlege!



## Nattcup fotball, Radøyhallen, kl. 19.00

Ungdomskoordinatoren og ein ungdomskomiteé arrangerer nattcup for ungdom, bedrifter og bygdelag. Det vert to turneringar; ei for ungdommar mellom 7. klasse og 1. klasse på vidaregåande, og ei for bygdelag og bedrifter. Pris per lag er 300,- for ungdomslag og kr 500,- for bygdelag/bedrifter. Det må vere minst fem og maks ni spelarar på kvart lag. Kvar lag må ha minst to jenter og alle skal spela. Kvar kamp varer i 15 minutt. Vinnarane spelar mot kvarandre i ein superfinale.

Premie til laget med beste namn/kostyme. Me oppfordrar alle til å stilla med kostyme.

Bindande påmelding innan 2.april. Meld dykk på til ungdomskoordinator til [katarina.birkeland@radoy.kommune.no](mailto:katarina.birkeland@radoy.kommune.no), eller bruk påmeldingsskjema som du finn lekkje til på nettsida til kommunen.

## Fredag 20. april

### Jazzkveld, Radøystova, kl. 20.00

Trond Berger inntar stemningsfulle Radøystova for å dela sin entusiasme for nokre av dei mindre kjende og ikkje fullt så berømte skattane frå amerikansk jazz sin gullalder på 1940, -50 og -60-talet. Berger er ein allsidig, sjølvlært jazzkjenar med lidenskap for musikk. Denne kvelden presenterer han godbitar frå ærverdige etikettar, blant anna Prestige, Blue Note, Candid og Impulse, medan Radøystova står for enkel, men minst like smakfull bevertning. Pris kr. 300 inkl. servering.

Påmelding innan 16. april til [post@radoy.kommune.no](mailto:post@radoy.kommune.no) eller tlf. 56 34 90 00.



### Open dag i Prestmarka barnehage, kl. 14.00-16.00

Her vil ein få sjå kor flott barnehage me har, kjøpe kunstverk borna har laga og få ein matbit. Det vert loddsal, og eit eige «leikelopemarknad».

## Laurdag 21. april



### Open dag på Manger folkehøgskule, kl. 12.00-15.00

- 12.00 - 13.00 Konsert i Storsalen (Brassband, skulekor, band, folkedans)
- 13.00 - 14.00 Høve til å kjøpa lunsj i kantina på folkehøgskulen
- 14.00 - 15.00 Omvising

Gratis inngang

### Ungdommens kunstutstilling Radøy bibliotek, kl. 11.00-15.00

Kunstutstilling med arbeid av to unge radværingar. Kunstnarane er May Iren Sylta, som er 17 år, og Marthe Myksvoll, som er 16 år. May Iren teiknar portrett og personar, og Marthe teiknar og malar blomar.



### Kaitreff i Rossneset, kl. 17.00

Kaitreff i Rossneset med aktivitetar for store og små. Det vert mellom anna hesteskokasting, luftgeværskyting og fiskekonkurranse frå land. Sal av kaffi, brus og lappar. Grillen er varm, så ta gjerne med grillmat. Orientering om LivOgLyst-prosjektet Levande kystbygd, i Risneskrinsen. Arr.: Risnes grendalag.

### Kultur og middag

Denne dagen vert ungdomar med frivilligsentralen og kører ut middag på nokre ruter. Ein del av dei eldre som får middag på døra frå frivilligsentralen, får denne dagen eit kulturinnslag på kjøpet.

# Laurdag 21. april

Ope på Radøy motorsamling, kl. 11.00-17.00



Radøy motorsamling held ope, og Guttorm Storheim viser fram den store samlinga med over 200 ulike motorar som har vore brukte i vårt distrikt. Dei aller fleste motorane er sette i stand, og ein del av desse motorane vil verta starta opp denne dagen. Samlinga inneheld også traktorar og jordbruksmaskiner. Det vert servert kaffi og vaflar. Gratis inngang.

## Konsert med Maria, Linn og Eva med band, Manger folkehøgskule, kl. 1900


Maria Urhaug, Linn Merethe Myrtveit og Eva Karin Klausen har konsert, der repetoaret er songar av Eva Cassidy og Rita Eriksen. Medlemar i bandet er Janne Silvelinn Kvamme Tjore, Martin Frantzen, Daniel Lunde og Stein Marius Pedersen. Gratis inngang.



## Standup-show med Roar Brekke, Bøvågen øl- og vinstue, kl. 21.00 (dørene opnar 19.30)

Ein av dei mest erfarne komikarane i Noreg, Roar Brekke, kjem til Bøvågen med showet «Askeladden frå Odda. Like morsom til lands og til vanns og i lufta med». Roar Brekke byr på ei tett pakka samling høgdepunkt frå dei første 15 år i karrieren. Her får du det beste av det beste.

Billettpris: kr. 225 (førehandssal)/ 250 (i døra). Førehandssal på YX Manger og Bunnpris Bøvågen frå 15. mars. 20 års aldersgrense. NB! Ver tidleg ute, avgrensa tal på billetter til showet. Dørene opnar igjen kl 23.00 om kvelden til dans m/Per Slettemyr. CC kr. 100,- for dei som ikkje har løyst billett til showet.



## «Ein time med Cato», Dale grendahus, kl. 20.00

Den kjende artisten Cato Jensen byr på variert underhaldning med hjelp frå lokale ungdommar. Me ynskjer tilhøyrarar i alle aldrar velkomne. Billett kr. 100,-.

Kl. 12.00-14.00 vert det sceneverkstad for ungdommar mellom 13 og 23 år med scene- og/eller musikkerfaring. Gratis.

Påmelding og meir informasjon om showet og sceneverkstaden på [www.5938.no](http://www.5938.no). Arr.: Dale grendalag

# Sundag 22. april

## Padlekurs, Radøyhallen, kl. 11.00-14.00

Nordhordland padleklubb arrangerer introduksjonskurs i Radøyhallen for deg som har lyst å læra å padla. Du får låna det du treng av utstyr. Ta med våtdrakt/badetøy og eventuelt sømjebriller og naseklype. Kurshaldar er Kjartan Nyhammer og Audun Håland. Pris: Kr. 500 for tre timars introduksjonskurs med tildeling av kursbevis (plastkort med oblat) i etterhand. Oblatet kan nyttast ved t.d. leige av kajakk (seriøse utleigarar krev gjerne dette). Kr 450 for same kurset utan kursbevis.

Påmelding til kultur- og sørvistorget i Radøy kommune på tlf. 56 34 90 00 eller e-post: [postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no) innan 15. april.



## Klangen av Radøy, Radøyhallen, kl. 16.00

«Klangen av Radøy» avsluttar kulturdagane i Radøy. Konserten er eit arrangement der det er eit kriterium for å delta at ein skal gjera noko saman med andre. Korps, kor, band og solistar samarbeider, og vil gje oss alle ei flott stund saman. Dette er òg dagen då europa-meister Manger Musikklag kan feira 90 år, noko som vil verta markert på konserten. I pausen vil det verta råd å få kjøpa seg drikke og litt å bita i.

Følg med på [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no) og på plakatar for endeleg program for konserten. Pris: kr. 100,- for vaksne og kr. 50,- for born. (Maks 200,- pr. familie)

## Trefjellsmarsjen, kl. 11.00

Manger idrettslag starta Trefjellsmarsjen for 21 år sidan og den har vore årvisst sidan. Normalt vert marsjen arrangert på kristi himmelfartsdag, men i år fell denne på 17. mai. Trefjellsmarsjen vert difor arrangert under kulturdagane i Radøy.

Starten og påmelding er i Grønålen frå kl. 11.00-12.00, eller på Solendfjellet etter friluftsgudstenesta. Turen går etter vegen til Solendfjellet, vidare til Nøttveitveten, Morkefjellet og ned til hovudvegen på Morken, og følgjer deretter vegen attende til startpunktet. Turen er ca 8 km likt fordelt i terreng og veg.

Ein kan sjølv velja kva tempo ein vil gå i, og turen høver godt som familietur. Det vert trekt fine premiar på startnummera. Det vert delt ut merke for 3., 5., 10. og 20. gongs deltaking.



## Friluftsgudsteneste, Solendfjellet, kl. 11.00

Radøy sokn arrangerer friluftsgudsteneste på Solendfjellet i samband med trefjellsmarsjen. Det vert kyrkjekaffi etter gudstenesta. Dei som ynskjer å gå trefjellsmarsjen, kan melda seg på etter gudstenesta.

## Steinalderdag i Fosenstraumen, tysdag 24. april kl. 12.00-13.00

4. klasse på Sæbø skule har temadag om steinalderen i Fosenstraumen. Arkeolog og flintsmed Morten Kutchera har laga eit opplegg der elevane får læra om livet i steinalderen i Noreg generelt og på Straume spesielt. Steinalderfolka på Straume laga mellom anna bruks-gjenstandar av keramikk og reiskapar av flint, og dei fanga fisk som dei steikte i groper i jorda. Dette er noko elevane får læra meir om denne dagen. Interesserte er velkomne til å koma sjå kva elevane driv med frå kl. 12.00 til skuledagen er slutt 13.00.

